



# VOLDA KOMMUNE

## Servicekontoret

201208193-21 KSK/STP  
201207114-23 KSK/RMO  
200900438-28 KSK/SOSB  
200900443-28 KSK/SOSB  
200900436-31 KSK/SOSB  
200900442-31 KSK/SOSB  
200800386-33 KSK/RMO

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo

Arkivsak nr.	Lopenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/1310	5178/2013	S11	SVK/SOH	22.05.2013

### MELDING OM POLITISK VEDTAK - SMÅKRAFTVERK I VOLDA KOMMUNE HØYRINGSUTTALE

Vi melder med dette frå at Formannskapet den 21.05.2013, hadde føre ovannemnde som sak PS 95/13, der det vart gjort slikt vedtak:

*Volda kommune ser svært positivt på den auka verdiskaping og det grunnlag for næringsutvikling og busetnad som utbygging av småkraftverk vil kunne gje i dei ulike bygdelag i kommunen og regionen.*

*Med grunnlag i dei fremja soknadane med tilhøyrande dokumentasjon har kommunen fylgjande tilråding for dei ulike soknadane i kommunen:*

**Vassbakke kraftverk** vert tilrådd konsesjon - eksisterande anleggsveg må så langt mogeleg nyttast som tilkomst også til kraftanlegget, jf merknad knytt til vegframføring til kraftstasjon behov for omsyn til kulturlandskapet langs elva, vatna og ved støylen.

**Osdalen kraftverk** vert tilrådd konsesjon - som vilkår for konsesjon til bygging bør det settast krav om ein generell betring av miljøtilstanden i det sterkt regulerte Mørevassdraget gjennom miljørevisjon.

*Den omsøkte minstevassføringa synest svært lav, 0.016m<sup>3</sup>/s og bør vurderast auka.*

**Dravlauselva kraftverk** - vert tilrådd konsesjon

*Kraftstasjon bør plassert oppstrøms det særprega elvepartiet mellom kote 20 og ca 35 for å unngå konflikt med denne del av vassdraget som kan ha stor ålmann interesse.*

*Ein bør vurdere ei mindre flytting av inntaket noko lenger ned i elva slik at ein i mindre grad påverkar landskapet rundt Huldrebakken, Stolen og Bruaholen.*

*Føresetnadane for sikra vassforsyning til Dravlausbygda vassverk må stettast gjennom konsesjonsvilkår.*

*Behov for auka minstevassføring for å kunne ivareta dei verdifulle biologiske kvalitetane i elvekloftene i vassdraget må nærare vurderast.*

**Osvatnet kraftverk** – vert tilrådd konsesjon.

*Behov for minstevassføring må vurderast i hove til § 10 i vassressurslova.*

**Feirdalselva kraftverk** – vert tilrådd konsesjon

*Behov for minstevassføring må vurderast i hove til § 10 i vassressurslova.*

*Storelva kraftverk – vert tilrådd konsesjon med minstevassføring slik det er skissert i søknad.*

*Øggardselva kraftverk – vert tilrådd konsesjon med minstevassføring slik det er skissert i søknad.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret



Sonja Håvik  
konsulent

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, Julsundveien 9	6404	Molde
Statens vegvesen, Region midt	Fylkeshuset	6404	Molde
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6150	ØRSTA
Høydal Elektrisitetsverk AS v/Gunnar Høydal	Høydal	6110	AUSTEFJORDEN
Vassbakke Kraft AS v/Øyvind Eidså	Skrivarvegen 9A	6100	VOLDA
Tussa Energi AS	Langemyra 6, Hovdebygda	6150	Ørsta
Dravlaus Kraft AS	Dalsfjordvegen 428	6133	LAUVSTAD

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2012/1310

Arkivkode: S11

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

Formannskapet

## SMÅKRAFTVERK I VOLDA KOMMUNE HØYRINGSUTTALE

### *Handsaming:*

Roald Espset, Volda FrP, kom med slikt endringsframlegg:

*Storelva kraftverk – vert tilrådd konsesjon med minstevassføring slik det er skissert i søknad.*

*Øggardselva kraftverk – vert tilrådd konsesjon med minstevassføring slik det er skissert i søknad.*

### **Røysting:**

Det vart røysta punktvis over administrasjonen si tilråding:

**Vassbakke kraftverk** – vart samrøystes vedteke.

**Osdalen kraftverk** – fekk seks røyster og vart vedteke. To røysta mot (Gunnar Strøm og Kardin B. Hasfjord).

**Dravlauselva kraftverk** – vart samrøystes vedteke.

**Osvatnet kraftverk** – vart samrøystes vedteke.

**Feirdalselva kraftverk** – vart samrøystes vedteke.

**Storeelva kraftverk og Øggardselva kraftverk** - Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og endringsframlegget frå Roald Espset.

Tilrådinga frå administrasjonen fekk fire røyster. Framlegget frå Roald Espset fekk fire røyster og vart vedteke med ordførar si dobbelrøyst (Arild Iversen, Dan Helge Bjørneset, Odd Harald Sundal og Roald Espset).

### **Vedtak i Formannskapet - 21.05.2013:**

*Volda kommune ser svært positivt på den auka verdiskaping og det grunnlag for næringsutvikling og busetnad som utbygging av småkraftverk vil kunne gje i dei ulike bygdelag i kommunen ogregionen*

*Med grunnlag i dei fremja søknadane med tilhøyrande dokumentasjon har kommunen fylgjande tilråding for dei ulike søknadane i kommunen:*

**Vassbakke kraftverk** vert tilrådd konsesjon - eksisterande anleggsveg må så langt mogeleg nyttast som tilkomst også til kraftanlegget, jf merknad knytt til vegframføring til kraftstasjon behov for omsyn til kulturlandskapet langs elva, vatna og ved støylen.

**Osdalen kraftverk** vert tilrådd konsesjon - som vilkår for konsesjon til bygging bør det settast krav om ein generell betring av miljøtilstanden i det sterkt regulerte Mørevassdraget gjennom miljørevisjon.

*Den omsøkte minstevassføringa synest svært lav, 0.016m<sup>3</sup>/s og bør vurderast auka.*

#### **Dravlauselva kraftverk - vert tilrådd konsesjon**

*Kraftstasjon bør plassert oppstrøms det særprega elvepartiet mellom kote 20 og ca 35 for å unngå konflikt med denne del av vassdraget som kan ha stor ålmenn interesse.*

*Ein bør vurdere ei mindre flytting av inntaket noko lenger ned i elva slik at ein i mindre grad påverkar landskapet rundt Huldrebakken, Stølen og Bruahølen.*

*Føresetnadane for sikra vassforsyning til Dravlausbygda vassverk må stettast gjennom konsesjonsvilkår.*

*Behov for auka minstevassføring for å kunne ivareta dei verdifulle biologiske kvalitetane i elvekloftene i vassdraget må nærare vurderast.*

#### **Osvatnet kraftverk – vert tilrådd konsesjon.**

*Behov for minstevassføring må vurderast i høve til § 10 i vassressurslova.*

#### **Feirdalselva kraftverk – vert tilrådd konsesjon**

*Behov for minstevassføring må vurderast i høve til § 10 i vassressurslova.*

**Storelva kraftverk** – vert tilrådd konsesjon med minstevassføring slik det er skissert i søknad.

**Øggardselva kraftverk** – vert tilrådd konsesjon med minstevassføring slik det er skissert i søknad.

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune ser svært positivt på den auka verdiskaping og det grunnlag for næringsutvikling og busetnad som utbygging av småkraftverk vil kunne gje i dei ulike bygdelag i kommunen ogregionen*

*Med grunnlag i dei fremja søknadane med tilhøyrande dokumentasjon har kommunen fylgjande tilråding for dei ulike søknadane i kommunen:*

**Vassbakke kraftverk** vert tilrådd konsesjon - eksisterande anleggsveg må så langt mogeleg nyttast som tilkomst også til kraftanlegget, jf merknad knytt til vegframføring til kraftstasjon behov for omsyn til kulturlandskapet langs elva, vatna og ved støylen.

**Osdalen kraftverk** vert tilrådd konsesjon - som vilkår for konsesjon til bygging bør det settast krav om ein generell betring av miljøtilstanden i det sterkt regulerte Møreavassdraget gjennom miljørevisjon.

Den omsøkte minstevassføringa synest svært lav, 0.016m<sup>3</sup>/s og bør vurderast auka.

**Dravlauselva kraftverk** - vert tilrådd konsesjon

Kraftstasjon bør plassert oppstrøms det særprega elvepartiet mellom kote 20 og ca 35 for å unngå konflikt med denne del av vassdraget som kan ha stor ålmenn interesse.

Ein bør vurdere ei mindre flytting av inntaket noko lenger ned i elva slik at ein i mindre grad påverkar landskapet rundt Huldrebakken, Stølen og Bruahølen.

Føresetnadane for sikra vassforsyning til Dravlausbygda vassverk må stettast gjennom konsesjonsvilkår.

Behov for auka minstevassføring for å kunne ivareta dei verdifulle biologiske kvalitetane i elvekloftene i vassdraget må nærare vurderast.

**Osvatnet kraftverk** – vert tilrådd konsesjon.

Behov for minstevassføring må vurderast i høve til § 10 i vassressurslova.

**Feirdalselva kraftverk** – vert tilrådd konsesjon

Behov for minstevassføring må vurderast i høve til § 10 i vassressurslova.

**Storelva kraftverk** – kommunen vil rå frå at det vert gitt konsesjon for denne utbygginga ut frå den samla belastninga ei slik utbygging vil ha for vassdragsnaturen i Høydalen og omsyn til biologisk mangfald i vassdraget. Jf også Vassdirektivet sine intensjonar og den uheldige påverknad som utbygginga her vil kunne ha for verdien av livet i og rundt Storelva.

**Øggardselva kraftverk** – kommunen vil rå frå konsesjon for utbygging av heile Øggardselva slik søkt om, ut frå den samla belastninga ei slik utbygging vil ha for vassdragsnaturen i Høydalen og omsyn til biologisk mangfald i vassdraget. Jf også Vassdirektivet sine intensjonar og den uheldige påverknad som utbygginga her vil kunne ha for verdien av elva.

Kommunen kan tilrå alternativ utbygging som skissert i pkt 2.7 i søknaden, med inntak på kote 250, overføring til Galnedalen og kraftstasjon ved kote 90.

#### **Vedleggsliste:**

Kunngjeringstekst

Informasjonsark om sakshandsaming

Oversiktskart

#### **Ikkje prenta vedlegg:**

Konsesjonssøknader knytt til Vassbakke kraftverk, Osdalen kraftverk, Dravlaus kraftverk, Osvatnet kraftverk, Feirdalselva kraftverk, Storelva kraftverk, Øggardselva kraftverk

Finn ein ved link til

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=5676&stadium=&type=11>

Her er også gjenngitt andre høyringsinnspel som NVE har motteke til dei ulike søknadane innan opprinneleg frist 10.05.2013.

### **Saksopplysningar:**

Med brev av 07.02.2013 frå NVE har kommunen motteke saksdokumenta for søknader om løyve til bygging av 7 småkraftverk i Volda kommune (samtidig også fremja 7 søknader i Ørsta kommune). NVE har lagt opp til samla og samtidig handsaming av desse søknadane og at i den prosessen skal også samla belastning for området vurderast.

NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla.

### **I Volda kommune er det registrert fylgjande søknader:**

(eg viser til tilhøyrande søknadsdokument for dei ulike søknadane)

#### **Vassbakke kraftverk - søkjar Vassbakke Kraft SUS :**

Vassbakke Kraftverk vil utnytte eit fall på 145 m mellom kote 200 og kote 55 i Vassbakkedalselva.

Inntaket er tenkt utforma som ein 2 m høg og 10 m lang betongdam utan regulering. Det er ikkje søkt om overføringar frå andre elvar. Trykkrøyret med diameter på ca. 700 mm skal nedgravast i heile si lengd på kring 730 m. Det er planlagt oppgradering av eksisterande skogsbilveg og til saman bygging av ca. 150 m ny veg. Frå vegenden ved Løkjene er det og søkt om å byggje ei mindre bru over elva i tillegg til veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 571 l/s og største slukeevne er 1,0 m<sup>3</sup>/s. Installert effekt er etter planane på 1,25 MW, med ein estimert årsproduksjon på 4,0 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 730 meter langt elvestrekk. Tilknytting til eksisterande nett er tenkt gjennom jordkabel (2,5 km) framført langs veg og dyrka mark. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 25 l/s heile året.

#### **Osdalen kraftverk - søkjar Tussa Energi AS:**

Osdalen kraftverk vil nytte eit fall på 177,5 m i Osdalselva frå inntaket på kote 363,5 ned til kraftstasjonen på kote 186. Inntaket blir plassert 0,5 m lågare enn utløpet av Osdals-sætrevatnet.

Tilløpsrøyret blir 1880 m langt og blir nedgrave på heile strekninga. Det må byggast tilkomstveg til inntak og kraftstasjon på hhv. 70 og 100 m. Middelvassføringa er 1,32 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 3,0 m<sup>3</sup>/s. Grøndalsvatnet er regulert frå tidlegare og utgjer ein del av det hydrologiske grunnlaget for kraftverket, som vil ha ein installert effekt på 4,1 MW som etter planane vil gje ein produksjon på 16,8 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på ei 2000 m lang elvestrekning som frå før er påverka av reguleringa av Grøndalsvatnet. Det er planlagd slepp av minstevassføring på 27 l/s i sumarmånadene, og 12 l/s resten av året.

Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

#### **Dravlaus kraftverk – søkjar Dravlaus Kraft SUS :**

Dravlaus kraftverk vil nytte fallet i Dravlauselva mellom kote 265 og kote 20. Inntaket er planlagt utført med ein låg terskel over elveløpet og ein 25 m lang og 6 m brei inntakskanal til side for elva.

Tilløpsrøyret har diameter 1,0 m og vert nedgrave i heile si lengd på 2,9 km hovudsakleg langs eksisterande traktorveg. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved elva på kote 20 og avløpet frå stasjonen vert ført til inntaksbassenget for eit eksisterande settefiskanlegg.

Middelvassføringa er 1,19 m<sup>3</sup>/s og største slukeevne er 2,1 m<sup>3</sup>/s. Installert effekt er på 4,3 MW og årsproduksjonen er estimert til 15,37 GWh.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 3,0 km langt elvestrekk. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 60 l/s heile året.

#### **Feirdalselva kraftverk - søkjar Høydal Elektrisitetsverk AS:**

Feirdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 185 m i Feirdalselva. Inntaket er planlagt på kote 485 og kraftstasjonen på kote 300. Vassvegen på 1270 m er planlagt som bora tunnel mellom inntak og kote 385. Vidare mellom tunnelpåhogg og kraftstasjon er vassvegen planlagt nedgrave og vil ligge i same grøft som for Osvatnet kraftverk. Det er behov for ca. 70 m ny veg for tilkomst til stasjonen, samt ca. 410 m frå slutten av eksisterande veg opp til tunnelpåhogget. Middelvassføringa er 649 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1624 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 7,38 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1300 m lang elvestrekning. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 28 l/s heile året.

#### **Osvatnet kraftverk - søkjar Høydal Elektrisitetsverk AS:**

Osvatnet kraftverk vil nytte eit fall på 263 m i Feirdalselva/Storelva. Inntaket er planlagt nedstrøms dammen i Osvatnet på kote 563 og kraftstasjonen på kote 300. Det blir same stasjonsbygg som for Feirdalselva kraftverk. Vassvegen på ca. 1240 m er planlagt nedgrave mellom inntaket og kote 555.

Vidare frå kote 555 vil den verte bora i tunnel ned til kote 375. Frå kote 375 og ned til kraftstasjonen vil den verte nedgrave. Det er behov for ca. 70 m ny veg for tilkomst til stasjonen, samt 400 m frå slutten av eksisterande veg opp til tunnelpåhogget.

Middelvassføringa er 267 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 534 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,19 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,24 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1300 m lang elvestrekning i Storelva. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring.

#### **Storelva kraftverk - søkjar Høydal Elektrisitetsverk AS:**

Storelva kraftverk vil nytte eit fall på 50 m i Storelva. Inntaket er planlagt på kote 56 og kraftstasjonen på kote 6. Vassvegen på ca. 700 m er planlagt nedgrave langs vestsida av Storelva. Det er behov for ca. 30 m ny veg for tilkomst til stasjonen, og ein eksisterande landbruksveg vil verte forlenga med ca. 100 m til inntaket. Middelvassføringa er 2,4 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 5,975 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,6 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,99 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 700 m lang elvestrekning i Storelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 409 l/s om sumaren og 114 l/s om vinteren.

#### **Øggardselva kraftverk - søkjar Høydal Elektrisitetsverk AS:**

Øggardselva kraftverk vil nytte eit fall på 180 m i Øggardselva, eit sidevassdrag til Storelva. Inntaket er planlagt på kote 670 og kraftstasjonen på kote 70. I tillegg er tiltaket planlagt med tre dempingsmagasin i Joldalen samt overføring av to bekkar til inntaket. Vassvegen på ca. 2490 m er planlagt nedgraven mellom inntak og kote 600. Vidare mellom kote 600 og kote 200 er det planlagt boret tunnel og frå kote 200 til kraftstasjonen vil vassvegen verte nedgrave. Det er ikkje planlagt nye permanente vegar. Middelvassføringa er 373 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 931 l/s.

Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,8 MW og etter planane gje ein produksjon på 13,17 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 3,35 km lang elvestrekning. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 28 l/s heile året.

I Ørsta kommune er det fylgjande søknader til handsaming: sjå lokalisering på vedlagt kart).

**Holåa kraftverk** - (ei sideelv til Norangselva)

**Helgåa kraftverk** - (ei sideelv til Norangselva)

**Skår kraftverk** - (Skårelva med inntak på kote 240 og kraftstasjon på kote 3.)

**Indre Trandal kraftverk** - (Indre Trandalselva)

**Klubbeneselva kraftverk** –

**Skarbøen kraftverk** –

**Årsetelva kraftverk** - Dei aktuelle søknadane i Ørsta kommune har så langt ein kan sjå ingen direkte konsekvensar eller samanfallande verknader sett i høve til søknader i Volda kommune og samla verknader for natur-, landskap-, fjordsystem-, då dei høyrer til ulike fjordsystem-, vassdrag og dalføre. Rådmannen finn derfor ikkje å rå til at Volda kommune kjem med konkrete innspel knytt til dei aktuelle sakene i Ørsta kommune.

#### **Vidare handsaming av søknadane:**

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Søknadane med vedlegg er gjort tilgjengeleg på NVE sine nettsider

[www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og dei har vore kunngjort utlagt til offentleg ettersyn av NVE.

Miljøfaglig Utredning AS har utarbeida ein rapport om samla belastning på fjordlandskapet i området Hjørundfjorden. Tilsvarande rapport er ikkje utarbeidd for søknadane i Volda.

I samband med offentleg ettersyn og høyring har NVE i eige skriv gitt utfyllande informasjon om høyringa og kva tilbakemeldingar ein ynskjer/forventar – og som det er behov for i høve deira vidare handsaming av søknader. (sjå vedlegg til saka ).

Fråsegner og innspel frå høyringsinstansar (eller delar av fråsegn) vil bli referert i eit endeleg vedtak frå NVE.

I NVE si orientering heiter det:

*”NVE har hjemmel til å gi tillatelse i saker som gjelder utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Tillatelse til større kraftutbygginger gis av Kongen i statsråd. Denne orienteringen gjelder saker der NVE kan gi tillatelse etter vannressursloven § 8.*

#### ***Behandling av søknaden fram til endelig vedtak:***

*NVE behandler de fleste av søknadene gruppevis, vanligvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer saksbehandlingen samtidig som både høyringspartene og NVE kan se søknadene i sammenheng.*

NVE sender søknadene på høring til berørte kommuner, fylkesmenn, fylkeskommuner, statlige forvaltningsorgan og interesseorganisasjoner. Høringsperioden er vanligvis tre måneder for søknader som behandles gruppevis, og seks uker for enkeltsaker. Ev. søknad om utsatt høringsfrist må begrunnes. NVE forventer at høringsinstansene gir uttalelse på selvstendig grunnlag. Søknad om utsatt frist vil normalt ikke bli innvilget hvis det påvirker sakens fremdrift.

Søker får anledning til å kommentere innkomne uttalelser, før NVE gjennomfører befaring i området. De som har uttalt seg til søknaden, blir invitert til å delta på befaringen. NVE fatter vedtak etter en helhetlig avveining av fordeler mot ulemper i henhold til vannressursloven § 25. Olje og energidepartementet har som overordnet politisk myndighet gitt retningslinjer for behandling av små vannkraftverk. Retningslinjene er tilgjengelige via NVEs nettsider.

Dersom NVE gir tillatelse, knyttes det vilkår til denne, jf. vannressursloven § 26. Vilkårene vil blant annet omfatte byggefrister, vannslipping, naturforvaltning, kulturminner og sanksjoner ved ev. brudd på vilkårene.

#### **Hva forventes av høringsinstansene?**

Høringsinstansene velger selv hva som skal vektlegges i uttalelsen. NVE anbefaler at uttalelsene er så konkrete og saksspesifikke som mulig, med begrunnede synspunkter på om tillatelse bør gis eller ikke, valg av ev. alternativer og avbøtende tiltak. Høringsuttalelser som drøfter myndighetenes energipolitikk på generelt grunnlag, vil i liten grad bli vektlagt. Dersom partene er kjent med forhold som ikke er belyst i tilstrekkelig grad, ønsker vi opplysninger om det.

Vi ber særlig om en vurdering av samlet belastning for søknader som behandles gruppevis. Det forventes at kommuner, fylkeskommuner, fylkesmenn og andre myndighetsorganer gir uttalelse med utgangspunkt i sine respektive ansvarsområder. Kommunene bes spesielt om å vurdere søknadene i forhold til gjeldende arealplanstatus.

Høringsuttalelsene, opplysningene i søknaden og retningslinjene fra Olje- og energidepartementet er viktige for NVEs vurdering og vedtak.

#### **Innsigelses- og klagerett**

I ny plan- og bygningslov er forholdet mellom konsesjonsbehandling og planbehandling av energianlegg endret for å sikre en mer effektiv saksbehandling. Det er ikke krav om reguleringsplan, men for å ivareta intensjonen bak innsigelsesinstituttet i plan- og bygningsloven, er det innført bestemmelser i energi- og vassdragslovgivningen om innsigelse, jf. § 24. NVE understreker at en ev. innsigelse må reises i høringsperioden. Vi viser til våre nettsider for mer informasjon: [www.nye.no/konsesjoner](http://www.nye.no/konsesjoner).

NVEs vedtak kan påklages til Olje- og energidepartementet innen 3 uker fra partene mottar beskjed om vedtaket.”

#### **Kommunen si vurdering:**

##### **Planstatus:**

Alle dei aktuelle prosjekta ligg i kommunedelplan for Volda kommune i LNF-område sone A.

Det er ikkje registrerte reguleringsplanar i dei områda som vert berørt av anleggsutbygginga knytt til Osdalen kraftverk, Feirdalen og Osvatnet kraftverk, eller Øggardselva og Storeelva kraftverk.

I Vassbakkedalen er det gitt løyve til og godkjent reguleringsplan for anleggsveg og masseuttak for Olivinstein.

I Dravlauselva er det nedanfor det aktuelle området for kraftverkutbygginga regulert areal for smoltanlegg m.m.

Ingen av dei aktuelle tiltaka gir inngrep i registrerte viktige natur eller friluftsområder/ inngrepsfrie områder.

Kommunen har ikkje utarbeidd samla plan for vassdrag, og det er såleis mangelfullt datagrunnlag for samla oversyn over vassdraga i kommunen som kan gi grunnlag for klassifisering av desse ut frå omsyn til landskap, friluftsliv-, natur og miljøkvalitetar. Dette vil vere naturleg tema i revisjon av kommuneplan.

**Uttale frå landbruk/skogbruksavd i kommunen vedkomande landbruk og miljøomsyn:**  
(notat etter gjennomgang av søknader/dokumentasjon i møte og ved synfaring synfaringar i dei einskilde områda)

**Generelt:**

*Vi ser det som positivt at så mange søknader vert handsama samtidig. Det vert då lettare å sjå konsekvensane av tiltaka enn om utbyggingane skulle skje "bit for bit". Dette kjem likevel lite fram i konsekvensutgreingane for anlegga då dei der ikkje er sett i samanheng.*

*Vi vil her ha fokus på i hovudsak tre fagområde:*

- \* Næringsutvikling og omsyn til bulyst (Bygdeutvikling)*
- \* Omsyn til beitebruk*
- \* Omsyn til skogsdrift*
- \* Biologiske omsyn*

*For grunneigarane vil fallrettane representere etter måten store verdier. For kommunen er det viktig at det vert lagt til rette for at desse kan utnyttast og at verdiskapinga vert verande lokalt. Det er også slik at mange av dei aktuelle elvane utgjør eit positivt bidrag til miljø- og naturopplevingar for bygdefolket. Dette gjeld både visuelle opplevingar, badeplassar og fiskeplassar. Det er viktig å ha begge desse momenta med seg når ein skal vurdere konsekvensane utbygginga har for bygdeutvikling.*

*Nokre av elvane er naturlege grenser mellom ulike beiteområde der ulike grunneigarar har beiterett. Der vassmengda i elva vert så redusert at gjerdeeffekten vert borte etter utbygginga må det klargjerast kven som skal ha gjerdeplikt i framtida dersom det skulle oppstå problem med vandrande beitedyr.*

*Der utbyggingane medfører vegbygging i skogsområde må desse ha ein standard som tilfredstiller skogsinteressene, og held krava i vegnormalen for landbruksveggar (skogsveg) Biologiske omsyn vil i stor mon dreie seg om krav til minstevassføring. Her står økonomiske interesser og miljøinteressene ofte i direkte motsetningsforhold. Der elvane renn i morenemasser vil kravet til minstevassføring måtte avspegle det for at det skal gje nødvendig effekt. Siterer § 10 i Vassressurslova: "..... Ved uttak og bortleiing av vatn som endrar vassføringa i elvar og bekkar med årsikker vassføring, skal minst den alminnelege lågvassføringa vere tilbake..."*

*Konklusjon i uttale frå landbruk/skogbruksavdelinga i kommunen vedkomande landbruk og miljøomsyn til dei einskilde søknadane går fram under beskrivelse av dei einskilde tiltaka nedanfor.*

**Uttale frå kommunalteknisk avdeling:**

*Kommunalteknisk avdeling har ikkje vesentlege merknader til dei aktuelle søknadane om utbygging til kraftproduksjon.*

*Det er så langt ein kan sjå berre i Dravlauselva at det er etablerte tiltak knytt til kommunaltekniske anlegg. Her er det inntak for Dravlausbygda vassverk som det må takast omsyn til.*

*Tiltaka vil ved utbygging kunne få konsekvensar for kommunale vegar i samband med utbygging og som tilkomst. Slik bruk av vegnettet, jf. omsyn til aksellast/ opprustingsbehov etc. må avklarast med kommunen for det einskilde tiltak.*

#### **Faktagrunnlag for søknader/konsesjonshandsaming:**

Generelt synest det for alle søknadane at faktagrunnlag gjennom registrering/rapportar med omsyn til natur og miljø og biologisk mangfald er godt.

Eg finn derimot større grunn til å stille spørsmål om fagkunnskap / utgreiingar er god nok i søknad/rapport når det gjeld tema som friluftsliv, estetikk, landskapselement og kulturverdiar knytt til vassdraga. (jf m.a uttale frå Fylkeskommunen).

I ein konsesjonsbehandling og konsesjonspliktsvurdering skal ein vurdere om inngrepet fører til ulemper for "allmenne interesser". I dette omgrepet ligg det vesentlig fleire tema enn biologisk mangfald. Kanskje burde ein vurdere strengare utgreiingskrav også til tema som landskap og friluftsliv, - tema som lokalsamfunna gjerne er meir opptatt av.

Kunnskap og forskning på friluftsliv og naturoppleving finst og burde kanskje i større grad vore nytta.

Vi vil søkje å sjå nærare på desse tema i tilknytning til omtale/vurdering av den einskilde søknad.

I samband med høyringa har **Møre og Romsdal Fylkeskommune** gitt uttale i brev av 8.05.2013 til NVE. Eg finn grunn til å ta med nokre av dei moment som her vert peika på i høve dei aktuelle søknadane og vidare handsaming i NVE:

I uttale frå M.R. Fylkeskommune er det m.a. peika på fylgjande punkt som kunne vore betre utgreidd i søknadane:

- *Betre kartlegging av kulturminne og kulturmiljø, og skildring av kulturminna som kan leggst til grunn for ei vurdering av konsekvensane.*
- *fleire stader vil vere behov for arkeologisk registrering i forhold til undersøkingsplikta og § 9 i kulturminneloven. Kulturminneregistreringar kjent gjennom Riksantikvaren sin database Askeladden og i den såkalla SEFRAK-registreringa bør vere grunnlag for den vidare planlegginga.*

*Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit – og kraftutbygging lista opp som ei av dei største utfordringane for vassmiljøet i regionen.*

*Sektorstyresmakter, inkludert kommunane, NVE og Fylkesmannen, skal i løpet av mai-juni 2014 kome med forslag til tiltak som skal trygge og betre miljøtilstanden i vatn og vassdrag, innafor sine ansvarsområde. Desse tiltaka vil bli vurdert og innarbeidd i ei tiltaksanalyse.*

*Søre Sunnmøre vassområde har opplysningar om at det arbeidast med utforming av tiltak i minst tre av dei aktuelle vassdraga som det her blir søkt om konsesjon i. Det er ikkje umogleg at det også fremjast forslag til tiltak i fleire. Det er viktig at NVE si sakshandsaming av kraftsøknadene er koordinert med tiltaksarbeidet i vassområdet. Dei elvane/vassdraga der det arbeidast med utforming av tiltak i Volda er:*

- *Austefjordvassdraget (Osdalen kraftverk)*
- *Vassbakkelva (Vassbakke kraftverk)*

*Møre og Romsdal fylkeskommune som vassregionmynde har følgjande samla innspel:*

- *Ved nye inngrep i ein vassforekomst er det i § 12 i vassforskrifta lagt stor vekt på å*

*avgrense negativ påverknad*

*- Ein ber om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.”*

### **Kraftforsyning, verdiskaping og næringsutvikling:**

Dei 14 konsesjonssøkte småkraftverka i Volda og Ørsta har samla ein årleg kraftproduksjon på om lag 128 GWh (0,128 TWh). I følgje Statistisk sentralbyrå var snittet i staumforbruk i hushaldningar om lag 16000 kWh per år. Ein produksjon på 128 GWh vil då kunne gi straum til ca 8000 husstandar.

Produksjonen vil gi eit bidrag til betre straumforsyning i fylket og det aukar andelen fornybar energi. Samla årleg produksjon av kraft i Møre og Romsdal var i 2011 på 7 TWh medan forbruket var i overkant av 10 TWh. M.R.Fylke er såleis avhengig av sikker overføring frå andre regionar. Småkraftverk har i liten grad magasinering av vatn, og produksjonen vil dermed svinge noko etter vassføring og årstid.

Utbyggingane vil kunne gi auka verdiskaping og gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad i kommuna. Inntekt frå kraftsal kan for enkelte grunneigarar bety mykje for vidare næringsverksemd knytt til gardsbruk eller anna verksemd, og kan gi gode ringverknader til lokalsamfunnet.

### **Distribusjon av produsert kraft:**

Det er i dag utfordringar knytt til kapasitet for innmating av kraft frå dei lokale kraftverka til sentralnettet. Det vert arbeidd med løysingar for dette. M.a vil utbygging av den nye 420 kv lina Ørskog-Fardal gi betra grunnlag for slik utmating. Tussa Nett har gitt innspel til søknadane der ein går gjennom føresetnadane for utbygging som kan sikre grunnlag for leveransar av den nyproduserte krafta.

Fleire av dei omsøkte anlegga har høg utbyggingskostnad og kan verke marginale i høve til lønnsemd. Høge anleggsbidrag knytt til overføringsliner/anlegg og vanskar med leveranse av straum kan svekke heile grunnlaget for gjennomføring. Gjennomføring av dei skisserte tiltaka i Tussa Nett sitt innspel synest vere ein klar føresetnad for ei effektiv distribusjon og lønnsemd i dei aktuelle utbyggingsprosjekta.

### **Vurdering og konklusjon knytt til dei einskilde søknadane:**

#### **Vassbakke Kraftverk.**

Vassdraget og landskapet dette tiltaket ligg i har sjølv etter den omfattande utbygging av veg og masseuttak /steinbrot mange positive natur-, landskap og miljøkvalitetar.

Vassbakkevatnet og Fremstevatnet og stølsområda har gode opplevingskvalitetar. Også elvepartiet nedstraums det plan lagde kraftverket er ein viktig del av dette naturlandskapet.

Då den aktuelle søknaden i stor grad gjennom plassering av inntak og kraftstasjon tek omsyn til desse verdiane, har vi få merknader til sjølve utbyggingssøknaden.

Av søknaden går det fram at ein ynskjer å ruste opp den gamle setrevegen som tilkomst til kraftverket. Med den etablerte anleggsvegen i området like ved synest dette u-turvande og vil vere eit tiltak som kanskje i sterkare grad enn sjølve kraftverktiltaket vil påverke kulturlandskapet.

Innspel frå landbruk og miljø i kommunen:

*Langs elva er det enno ein del lokalt verdifullt kulturlandskap. Tidlegare utbygging i dalen har sett varige sår, men med å ta omsyn til kulturlandskapet vil utbygginga kunne akseptast ut frå desse verdiane. Utbygginga vil ha lite å seie for den lågtliggande delen av vassdraget. "Olivinvegen" bør nyttast som tilkomst til kraftstasjonen til forbi(sør for) Fremstevatnet.*

Konklusjon:

*Om det vert teke omsyn til merknadane knytt til vegframføring til kraftstasjon og omsyn til kulturlandskapet ved støylen finn ein å kunne tilrå konsesjon for Vassbakke kraftverk.*

### **Osdalen kraftverk:**

Osdalen kraftverk inngår som del av Mørevasdraget. Vassdraget er sterkt utbygt gjennom tidlegare konsesjonar/utbyggingar av kraftverk/reguleringar. Både Grøndalsvatnet og Osdalsvatnet er sterkt regulert for kraftproduksjon i Kopa og Kolfossen kraftstasjonar lenger nede i vassdraget.

Osdalen kraftverk vil utnytte deler av strekninga mellom Osdalsetrevatnet og tuna i Osdalen. Ut frå utarbeidd rapport frå Bioreg as om verknad på biologisk mangfald er påverknaden vurdert som liten sett med omsyn til verdivurdering, liten negativ verknad ut frå omfang av tiltaket-, liten negativ verknad for verdfulle naturmiljø. Datagrunnlaget for rapporten/registreringa er vurdert som god.

Stor del av området er tilplanta med gran. Det er eit mindre eksisterande kraftverk i planområdet. Dette vil verte erstatta av Osdalen kraftverk om utbyggingsløyve vert gitt.

EUs vanndirektiv:

Osdalselva ligg innanfor vannområde Søre Sunnmøre i vannregion Møre og Romsdal. I tiltaksprogrammet for perioden 2010-2015 inngår å «Innføre biotopfremjande tiltak i regulerte vassdrag ved revisjonar og ny konsesjonsbehandling.» Dette gjeld berre for eksisterande kraftverk der det vert opna for revisjon av konsesjonsvilkåra. For kraftverka Kopa og Kolfossen (sett idrift i 1937 og 1920), fikk Tussa Energi i 1998 konsesjon med varigheit 30 år, slik at vilkåra for revisjon er i 2028.

Vassforskrifta legg såleis nye føringar/og krav til dokumentasjon som må ligge til grunn for inngrep i vassdrag. Vi finn dei i § 12, Vedlegg V, «Klassifisering og overvåking» og i miljøkvalitetsstandardane i vedlegg VIII.

Vassdirektivet opnar såleis for revisjonsprosessar utanom 30- års regelen, eg finn at ein gjerne i samband med denne aktuelle søknaden kan gi grunnlag for å krevje at heile vassdraget vert vurdert i ein større revisjonssak. I det minste bør NVE avklare med vassregionmynde i M.&R. kva status og framdrift det er for å gje heile Mørevasdraget ein betre miljøstatus. Det er no 4 kraftverk knytt til vassdraget; Kviven, Sundalen, Kopa og Kolfossen. For å få ein god økologisk tilstand i heile vassdraget bør desse og det nye prosjektet sjåast i samanheng.

Innspel frå landbruk og miljø i kommunen:

*Mørevasdraget er sterkt regulert tidlegare. Dette kan brukast som argument for at ei ny lita utbygging har lite å seie for vassdraget totalt. Konsesjonsvilkåra for dei andre reguleringane i vassdraget er snart modne for revisjon, og at eventuell utbygging av Osdal kraftverk må vurderast saman med denne revisjonen.*

Med omsyn til friluftsliv, estetikk, landskapselement og kulturverdiar knytt til vassdraget synest dette lite og overfladisk vurdert.

På strekninga mellom Osdals-sætrevatnet og Odalsvatnet er det i dag gode forhold for gyting og oppvekst i vatnet, og det vert fiska nedover heile elvestrekninga. Det vert selt fiskekort for strekninga. Landskapet elva renn i har og gode opplevingskvalitetar både som intakt natur, og som kulturlandskapselement. Særleg gjeld dette området like nedanfor Osdalsætrevatnet .

*Med tanke på framtidige vilkårsrevisjonar og det omsøkte nye kraftverket vil vi rå til at som vilkår for eventuell konsesjon til bygging av Osdalen kraftverk vert sett fokus på ein generell betring av miljøtilstanden i det sterkt regulerte Mørevasdraget gjennom miljørevisjon. (jf. m.a. inga krav til minstevassføring).*

*Den omsøkte minstevassføringa synest svært lav, 0.016m<sup>3</sup>/s og bør vurderast auka.*

### **Dravlauselva kraftverk:**

Dravlauselva renn gjennom heile Dravlausdalen, men er berre synleg frå fjorden og tilstøytande vegar på strekninga frå fjorden og opp til fylkesvegen. Denne strekninga er elles sterkt påverka av elveforebygging og industriområde/eldre masseuttaksområde. Den aktuelle kraftverkutbygginga har planlagt kraftstasjon på ca kote 20, om lag 200 m ovanfor fylkesvegen. Dette er i same området som inntak til settefiskanlegget er plassert. Dravlausdalen er elles påverka av inngrep ved at det er utbygt skogsbilveg på begge sider av dalen heilt fram til Dravlausstøylen og Gamlestøylen.

Innspel frå landbruk og miljø i kommunen:

*Lågtliggende og etter måten flat elv. Noko særeigen foss like ovanfor stasjonen. Elva ligg stadvis i djupe gjel med interessant flora. Elva viktig for m.a. fossefall, oter og aure. Grenseelv mellom to beiteområde. Elva interessant for m.a. fossefall (særleg sårbar i mytteperioden) og oter. Minstevassføringa synest låg, denne må minimum stette krava i Vassressurslova. Plassering av inntaket må vurderast å flytte til ned om øvste bergkløfta som er omtala i rapporten.*

### **Uttale frå kommunalteknisk avdeling:**

*Kommunalteknisk avdeling har ikkje vesentlege merknader til søknad om utbygging av Dravlauselva til kraftproduksjon. Tiltaket vil medføre redusert vassføring nedstrøms inntaksdam for kraftverket og på strekninga ned til der vassverket har sitt inntak. Løysinga som er skissert av utbyggar med uttak av vatn til Dravlausbygda vassverk frå rørleidninga til kraftverket vil vere ei tenleg løysing for vassverket for framtida.*

*Kommunen legg til grunn fylgjande:*

- *Installasjon med kum, stengeventil og reduksjonsventil for uttaket på turbinrøret vert kosta og drifta av kraftverket.*
- *Leidning med kryssing av elva og leidning ført fram til inngåande leidning behandlingsanlegg for vassverket vert etablert utan kostnad for vassverket.*
- *Det gamle inntaket til vassverket vert oppretthalde som framtidig reserveløysing for vassverket ved nedstenging/ vedlikehald av kraftverket.*
- *Skilting av inntaksdam for kraftverket med tekst: drikkevasskjelde – bading forbode*

Elva er elles som nemnt lite synleg på avstand, men når ein kjem inntil vassdraget får ein eit heilt anna inntrykk av dei mange fine landskap og naturelement som vassdraget består av.

For utan dei allereie nemnde bekkekløftene lenger oppe i vassdraget er det like ovanfor planlagt kraftstasjonen eit parti der renn elva i fine fossefall og spesielle stryk, med mellom anna ei stor jettegryte. Dette partiet og fossen kan ha store allmenne interesser. Særleg ut frå den nære avstand til busetnad og vegsystem vil dette vere viktig å ta vare på, både som natur og landskapselement i seg sjølv, men også med tanke på mogeleg utvikling av området rundt med tanke på naturoppleving og nærfriluftsliv.

Ved å plassere kraftstasjon oppstrøms dette særprega elvepartiet vil ein kunne unngå konflikt her.

I samband med rapport for biologisk mangfald er det særleg peika på dei to bekkekløftene i vassdraget. Det er her knytt særlege behov for minstevassføring om ein skal kunne ivarta dei verdifulle biologiske kvalitetane i desse områda. I sin uttale til søknaden har naturvernforbundet V/Ø uttalt at dei ut frå dette helst såg at inntaket vert flytta heilt ned til kote 120.

Dette vil så langt ein kan sjå svekke heile grunnlaget for tiltaket og vi vil kunne tilrå inntak plassert slik søkt om, men med ei grundig vurdering av behov for auka minstevassføring.

Ein bør vurdere å flytte inntaket noko lenger ned i elva slik at ein i mindre grad påverkar landskapet rundt Huldrebakken, Stølen og Bruahølen.

*Det vert tilrådd at konsesjon vert gitt.*

*Kraftstasjon bør vurderast plassert oppstrøms det særprega elvepartiet mellom kote 20 og ca 35 for å unngå konflikt med denne del av vassdraget som kan ha store ålmenn interesse.*

*Det må gjerast ei grundig vurdering av behov for auka minstevassføring for å kunne ivarta dei verdifulle biologiske kvalitetane i elvekløftene i vassdraget.*

*Ein bør vurdere å flytte inntaket noko lenger ned i elva slik at ein i mindre grad påverkar landskapet rundt Huldrebakken, Stølen og Bruahølen.*

*Foresetnadane for sikra vassforsyning til Dravlausbygda vassverk må stettast gjennom konsesjonsvilkår.*

### **Feirdalselva-, Osvatnet-, Øggardselva- og Storelva kraftverk:**

Utbyggingane i Høydalen må sjåast i samanheng, og i samanheng med tidlegare utbyggingar i dalen.

Landbruksavdelinga i kommunen har vurdert dei aktuelle prosjekta i Høydalen slik:

*Utbyggingane i Høydalen må sjåast i samanheng, og i samanheng med tidlegare utbyggingar i dalen. Samla sett vurderer vi utbygginga av Storelva og Øggardselva som mest*

*kontroversielt. Begge er grenseelvar og er interessante miljømessig. (Fossefall, oter fisk)*

*Sjølv om det ikkje er lagt opp til minstevassføring i elva frå Osvatnet og Feirdaleselva delvis renn i fine slør bør det her vere lettare å få til utbygging.*

*Miljømynde er også kritisk til tersklane i Øggardselva, då desse set under vatn flatare areal i Joldalen. Utfrå tilsendt materiale ser i alle høve tersklane ut til meir å ha dampreg enn*

*tersklar. Miljømynde vil vidare peike på behov for minstevassføring i elva frå Osvatnet, jf. § 10 i vassressurslova. Storelva er tidlegare ved laksetrappert lagd til rette for anadrom fisk i*

*vassdraget, og ein er kritisk til utbygging av elva. Som det går fram av rapport om Vurdering av verknader på fisk, vil "situasjonen av anadrom fisk verte sterkt forringa".*

*Vidare vil ein streke under kor viktig Øggardselva er for fossekallen i myttingsperioden."*

### **Osvatnet kraftverk:**

Kommunen har tidlegare tilrådd konsesjon for utbygging av Osvatnet (2003) i tilknytning til utbygging av Høydal Kraftverk. Eg ser ikkje at den nye søknaden i vesentleg grad endrar kommunen si haldning til denne nye søknaden.

*Det vert tilrådd å gje konsesjon for tiltaket. Spørsmål om minstevassføring bør vurderast uavhengig av om elva frå Osvatnet i lenger strekning forsvinn i den grove ura her.*

*Behov for minstevassføring må vurderast i høve til § 10 i vassressurslova.*

### **Feirdalseiva kraftverk.**

Området tiltaket ligg i er frå før sterkt prega av kraftutbygging. Det er her lagt til grunn minstevassføring på 80l/s i sommarhalvåret o g 40l/s i vinterhalvåret.

*Det vert tilrådd å gje konsesjon for tiltaket.*

*Spørsmål om omfang av minstevassføring må vurderast i høve til § 10 i vassressurslova.*

### **Storelva kraftverk.**

I eit landskap tungt belasta med spor frå kraftutbygging er det viktig at Storelva i dalbotnen ikkje vert regulert.

Verdien av ei levande elv gjennom bygda er ikkje lett å kvantifisere i kroner, trivsel, turisme eller kg fisk. Vi ser Storelva i samanheng med tilrådinga for dei andre prosjekta i Osdalen kraftverk, Feirdalen Kraftverk og Øggardselva.

Ser ein Storeelva og Øggardselva samla ser ein også eit godt potensialet i å betre tilhøva for anadrom fisk i vassdraget. Dette vil vere i tråd med Vassdirektivet sine intensjonar, og følgje opp nasjonale og internasjonale forpliktelsar;

«Truede arter skal opprettsholdes på, eller gjennoppbygges på livskraftige nivåer» (St. melding 42 om biologisk mangfald). Det vil og vere i tråd med naturmangfaldslovens § 10 om ei samla og økosystembasert vurdering av eit tiltak.

Fylkesmannen har i drøfting knytt til sakshandsaming av søknadane signalisert at ein truleg vil ha motsegn til utbygging av Storeelva og nedre del av Øggardselva ut frå m.a. omsyn til anadrom fisk i vassdraget.

*Den samla belastninga på vassdragsnaturen i Høydalen og omsyn til biologisk mangfald og Vassdirektivet sine intensjonar og den uheldige påverknad som utbygginga her vil kunne ha for verdien av livet i og rundt Storelva, gjer at vi ikkje kan tilrå at det blir gitt konsesjon for utbygging av Storelva kraftverk.*

### **Øggardselva kraftverk.**

Øggardselva har eit langt, godt synleg fossefall. Sett frå dalen, frå fjorden, og ikkje minst frå E39 på andre sida av fjorden. Vi finn grunn til å legge vekt på vurderingane av slike visuelle landskapstrekk og som viktig del av fjordlandskapet.

Øggardselva må også sjåast saman med økologien i Storelva då neste del av planlagt utbygging vil påverke eit moglege fin gytestrekning, jf. Biologisk rap.9.1.

*«Om ein ser på Øggardselva i historisk samanheng og legg til grunn at fisken uhindra kan nå elva, så vert biletet noko annleis enn det ser ut no. I denne elva er det nemleg ei fin gytestrekning frå elvemotet med Storelva i ei strekning på ca 450m oppover elva og det er særleg for sjoaure at den eignar seg godt, men det er heller ikkje noko problem for laks å gyte der.»*

Fossekalen sitt habitat må også sjåast i samanheng med Øggardselva.

Sett i samanheng med andre konsesjonssøknadar og alt regulerte vassdrag i området må vi

og legge vekt på at dette er ei av beste elvane for nasjonal fuglen. Særleg som myteplass. Jf. rapport biologisk mangfald.

Alternativet med inntak på kote 250 med overføring til Galnedalen kan synest akseptabelt i kombinasjon med plassering av kraftverk på ca kote 90, jf pkt 2.7 - Alternative utbyggingsløyningar.

*Vi vil rå frå konsesjon for utbygging av heile Øggardselva slik søkt om, men kan tilrå alternativ utbygging som skissert i pkt 2.7, med inntak på kote 250, overføring til galnedalen og kraftstasjon ved kote 90.*

### **Generelt om behov for oppfølging av konsesjonsvilkår.**

Sjølv om det er mange gode eksempel på utbyggingsprosjekt med godt sluttresultat og fin oppfølging av vilkår knytt til landskapstilpassing og avsluttande tilstelling finn ein i samband med dei nye konsesjonssøknadane grunn til å peike på behov for betre rutinar og auka ressursar til å kunne fylgje opp utførelsen av dei ulike kraftverka, både i høve til anleggsperioden og etterkontroll. Dette kan vere knytt til detaljplanlegging og utførelse av veganlegg og andre terrenginngrep slik at desse ikkje vert unødvendig eksponert, manglande opprydding, vegetasjonsdekke som ikkje vert sett i stand i tråd med vilkår, føresetnader om minstevassføring-, m.m.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Vurdert gjennom høyring –konsesjonshandsaming.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Utbyggingane vil kunne gi auka verdiskaping og gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad i distriktet. Inntekt frå kraftsal kan for enkelte grunneigarar bety mykje for vidare næringsverksemd knytt til gardsbruk eller anna verksemd, og kan gi gode ringverknader til lokalsamfunnet.

Ingen vesentlege kostnadmessige konsekvensar for kommunen.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Vurdert og avklara gjennom konsesjonsprosessen.

.....  
Rune Sjurgard  
rådmann

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

**Kopi:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen  
Ørsta kommune

Søkjarane.



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Adresseliste

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/1310	AvC SAM
Løpnr.	Sns PH
12 FEB 2013	
Arkivnr.	Emne 2
Klassering	S11
Klassering S.	

Vår dato: 07 FEB 2013

Vår ref.: NVE 201003460-9, 201003454-15,

201105971-24, 200802607-21, 201207371-7,

201003141-18, 200905841-11, 200800386-18,

200900442-15, 200900436-15, 200900443-13,

200900438-13, 201207114-7, 201208193-5 ksk/smf.

sosb, stp og rmo

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Siri Merethe Fagerheim 22 95 91 75

Solveig Silset Berg 22 95 93 25

Steinar Pettersen 22 95 94 03

Rune Moe 22 95 93 15

## Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje 14 småkraftverk i Ørsta og Volda kommune, Møre og Romsdal – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 14 småkraftverk i Ørsta og Volda kommune. Søknadane skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

### Holåa kraftverk – Steffen Nordang m.fl. – Ørsta kommune

Grunneigarane har søkt om å byggje Holåa kraftverk i Holåa, ei sideelv til Norangselva. Kraftverket vil nytte eit fall på 365 m frå inntaket på kote 390 ned til kraftstasjonen på kote 25. Tilførsrøyret blir 1200 m langt og blir nedgrave på heile strekninga. Opp til kote 105 skal eksisterande skogsveg nyttast, og denne må forlengast 200 m opp til eit riggområde på kote 130. Vidare opp til inntaket skal det byggast ein mellombels anleggsveg langs røyrgata. Middelvassføringa er 490 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 321 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0.90 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,38 GWh. Utbygginga vil fore til redusert vassføring på ei 1400 m lang elvestrekning i Holåa. Vassdraget er verna. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 120 l/s om sumaren og 20 l/s om vinteren.

### Helgaa kraftverk – Steffen Nordang m.fl. – Ørsta kommune

Grunneigarane vil nytte eit fall på 883 m mellom kote 893 og kote 10 i elva Helgaa. I utosen av vatnet mellom Konehornet og Helghornet er det planlagt å etablere ein sperredam med 10 meters lengde og inntil 3 meters høgde. Det er tenkt ein kort kanal frå vatnet til eit borehol som ovanfrå vil vere ei 750 meter lang open sjakt, og vidare ein 850 meter lang tunnel. I tunnelen planleggast vatnet ført vidare

E-post: nve@nve.no Postboks 5091 Majorstuen 0301 OSLO Telefon 09575 Internett: www.nve.no

Org nr. NO 970 205 039 MVA Bankkonto 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Vestre Rosten 61  
7075 TILLER

#### Region Nord

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvn 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

#### Region Øst

Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



gjennom eit stålrør med ein diameter på 0,5 meter. Dei siste 260 metrane ned til kraftstasjon vil røyrkata vere nedgrave. Det må byggjast om lag 110 m ny veg frå tunnelpåhogg til eksisterande veg og kraftstasjon. Middelvassføringa er 234 l/s og største slukeevne er 468 l/s. Helgås kraftverk vil etter framlagde planer få ein installert effekt på 3,6 MW og estimert årsproduksjon er på om lag 10,89 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 1450 meter langt elvestrekk. Det planleggjast ingen reguleringar av vatnet på kote 893, og det er planlagt slepp av minstevassføring på 30 l/s i sumarsesongen, og 7 l/s om vinteren.

#### **Skår kraftverk – Skår Kraftverk SUS – Ørsta kommune**

Skår kraftverk vil nytte eit fall på 237 m i Skårelva med inntak på kote 240 og kraftstasjon på kote 3. Vassvegen på ca. 875 m er planlagt nedgrave langs austsida elva, sannsynlegvis med behov for sprenging i øvre del. Det er planlagt om lag 470 m ny mellombels veg opp til inntaket. For tilkomst til kraftstasjonen er det planlagt opprusting av 185 m traktorveg. Middelvassføringa er 510 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1280 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,35 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1235 m lang elvestrekning i Skårelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 22 l/s frå mai til september.

#### **Indre Trandal kraftverk – Daniel Storeide – Ørsta kommune**

Indre Trandal kraftverk vil nytte eit fall på 577 m i Indre Trandalselva med inntak på kote 580 og kraftstasjon på kote 3. Frå inntaksområdet går vassvegen i fjell, først i ei 530 m lang sjakt ned til ein tunnel med lengde 400 m. Frå tunnelpåhogget på kote 150 vil vassvegen verte nedgraven på vestsida av Indre Trandalselva. Det er planlagt 750 m ny permanent veg frå den kommunale vegen og opp til kote 150. Inntaket vert bygd veglaust med bruk av helikopter. Middelvassføringa er 680 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,15 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 5,49 MW og etter planane gje ein produksjon på 20,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,3 km lang elvestrekning i Indre Trandalselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 113 l/s frå juli til september og 18 l/s resten av året.

#### **Klubbeneselva kraftverk – Småkraft AS – Ørsta kommune**

Klubbeneselva kraftverk vil nytte eit fall på 585 m frå inntaket på kote 600 ned til kraftstasjonen på kote 15. Tilløpsrøret blir 1870 m langt, og er planlagt i dagen på det meste av strekninga. Det må byggast ein kort vegstubb til kraftstasjonen, og ein eksisterande skogsveg vil bli nytta som anleggsveg opp til kote 40. Anlegget skal elles byggast veglaust. Middelvassføringa er 0,165 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 0,412 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,9 MW og etter planane gi ein produksjon på 5,51 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,9 km lang elvestrekning i Klubbeneselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 30 l/s om sumaren og 10 l/s om vinteren.

#### **Skarbøen kraftverk – Rolf Skarbø – Ørsta kommune**

Skarbøen kraftverk vil nytte fallet i Skarbøelva mellom eit inntak på kote 415 og kraftstasjon på kote 2. Vassvegen på ca. 1,32 km er planlagt langs austsida av elva. Den vil verte vekselvis nedgrave og tildekka med behov for sprenging i øvre del. Det er planlagt 1,4 km ny permanent veg opp til inntaket og vegen må leggjast i svingar i bratt terreng i nedre del. Til kraftstasjonen er det behov for ny permanent avkjørsel frå fylkesvegen. Middelvassføringa er 218 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 601 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,1 MW og etter planane gje ein

produksjon på 5,17 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1235 m lang elvestrekning i Skarbøelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 11 l/s heile året.

#### **Årsetelva kraftverk – Kvistad og Årset Kraftlag AS – Ørsta kommune**

Årsetelva kraftverk vil nytte eit fall på 340 m frå inntaket på kote 450 ned til kraftstasjonen på kote 110. Tilløpsrøyret blir 3200 m langt og blir nedgrave på heile strekninga, i hovudsak langs eksisterande stølsveg. Det må byggast ein 200 m lang tilkomstveg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 1,07 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 0,32 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,39 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 3,4 km lang elvestrekning i Årsetelva, som er ei sideelv til Bondselva og følgjeleg eit verna vassdrag. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 300 l/s om sumaren og 80 l/s om vinteren.

#### **Dravlaus kraftverk – Dravlaus Kraft SUS – Volda kommune**

Dravlaus kraftverk vil nytte fallet i Dravlauselva mellom kote 265 og kote 20. Inntaket er planlagd utført med ein låg terskel over elveløpet og ein 25 m lang og 6 m brei inntakskanal til side for elva. Tilløpsrøyret har diameter 1,0 m og vert nedgrave i heile si lengd på 2,9 km hovudsakleg langs eksisterande traktorveg. Kraftstasjonen er tenkt plassert ved elva på kote 20 og avløpet frå stasjonen vert ført til inntaksbassenget for eit eksisterande settefiskanlegg. Middelvassføringa er 1,19 m<sup>3</sup>/s og største slukeevne er 2,1 m<sup>3</sup>/s. Installert effekt er på 4,3 MW og årsproduksjonen er estimert til 15,37 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 3,0 km langt elvestrekk. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 60 l/s heile året.

#### **Øggardselva kraftverk – Høydal Elektrisitetsverk AS – Volda kommune**

Øggardselva kraftverk vil nytte eit fall på 180 m i Øggardselva, eit sidevassdrag til Storelva. Inntaket er planlagt på kote 670 og kraftstasjonen på kote 70. I tillegg er tiltaket planlagt med tre dempingsmagasin i Joldalen samt overføring av to bekkar til inntaket. Vassvegen på ca. 2490 m er planlagd nedgraven mellom inntak og kote 600. Vidare mellom kote 600 og kote 200 er det planlagd boret tunnel og frå kote 200 til kraftstasjonen vil vassvegen verte nedgrave. Det er ikkje planlagd nye permanente vegar. Middelvassføringa er 373 l/s og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 931 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,8 MW og etter planane gje ein produksjon på 13,17 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 3,35 km lang elvestrekning. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 28 l/s heile året.

#### **Storelva kraftverk – Høydal Elektrisitetsverk AS – Volda kommune**

Storelva kraftverk vil nytte eit fall på 50 m i Storelva. Inntaket er planlagt på kote 56 og kraftstasjonen på kote 6. Vassvegen på ca. 700 m er planlagd nedgrave langs vestsida av Storelva. Det er behov for ca. 30 m ny veg for tilkomst til stasjonen, og ein eksisterande landbruksveg vil verte forlenga med ca. 100 m til inntaket. Middelvassføringa er 2,4 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 5,975 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,6 MW og etter planane gje ein produksjon på 6,99 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 700 m lang elvestrekning i Storelva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 409 l/s om sumaren og 114 l/s om vinteren.

#### **Feirdalselva kraftverk – Høydal Elektrisitetsverk AS – Volda kommune**

Feirdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 185 m i Feirdalselva. Inntaket er planlagt på kote 485 og kraftstasjonen på kote 300. Vassvegen på 1270 m er planlagt som bora tunnel mellom inntak og kote 385. Vidare mellom tunnelpåhogg og kraftstasjon er vassvegen planlagt nedgrave og vil ligge i same grøft som for Osvatnet kraftverk. Det er behov for ca. 70 m ny veg for tilkomst til stasjonen, samt ca.

410 m frå slutten av eksisterande veg opp til tunnelpåhogget. Middelvassføringa er 649 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1624 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 2,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 7,38 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1300 m lang elvestrekning. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 28 l/s heile året.

#### **Osvatnet kraftverk – Høydal Elektrisitetsverk AS – Volda kommune**

Osvatnet kraftverk vil nytte eit fall på 263 m i Feirdalselva/Storelva. Inntaket er planlagt nedstrøms dammen i Osvatnet på kote 563 og kraftstasjonen på kote 300. Det blir same stasjonsbygg som for Feirdalselva kraftverk. Vassvegen på ca. 1240 m er planlagt nedgrave mellom inntaket og kote 555. Vidare frå kote 555 vil den verte bora i tunnel ned til kote 375. Frå kote 375 og ned til kraftstasjonen vil den verte nedgrave. Det er behov for ca. 70 m ny veg for tilkomst til stasjonen, samt 400 m frå slutten av eksisterande veg opp til tunnelpåhogget. Middelvassføringa er 267 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 534 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,19 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,24 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1300 m lang elvestrekning i Storelva. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring.

#### **Vassbakke kraftverk – Vassbakke Kraft SUS – Volda kommune**

Vassbakke Kraftverk vil utnytte eit fall på 145 m mellom kote 200 og kote 55 i Vassbakkedalselva. Inntaket er tenkt utforma som ein 2 m høg og 10 m lang betongdam utan regulering. Det er ikkje omsøkt overføringar frå andre elvar. Trykkkrøyet med diameter på ca. 700 mm skal nedgravast i heile si lengd på kring 730 m. Det er planlagt oppgradering av eksisterande skogsbilveg og til saman bygging av ca. 150 m ny veg. Frå vegen ved Løkjene er det òg søkt om å byggje ei mindre bru over elva i tillegg til veg til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 571 l/s og største slukeevne er 1,0 m<sup>3</sup>/s. Installert effekt er etter planane på 1,25 MW, med ein estimert årsproduksjon på 4,0 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på eit 730 meter langt elvestrekk. Tilknytning til eksisterande nett er tenkt gjennom jordkabel (2,5 km) framført langs veg og dyrka mark. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 25 l/s heile året.

#### **Osdalen kraftverk – Tussa Energi AS – Volda kommune**

Osdalen kraftverk vil nytte eit fall på 177,5 m i Osdalselva frå inntaket på kote 363,5 ned til kraftstasjonen på kote 186. Inntaket blir plassert 0,5 m lågare enn utløpet av Osdalssætrevatnet. Tilløpsrøyet blir 1880 m langt og blir nedgrave på heile strekninga. Det må byggast tilkomstveg til inntak og kraftstasjon på hhv. 70 og 100 m. Middelvassføringa er 1,32 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,0 m<sup>3</sup>/s. Grøndalsvatnet er regulert frå tidlegare og utgjer ein del av det hydrologiske grunnlaget for kraftverket, som vil ha ein installert effekt på 4,1 MW som etter planane vil gje ein produksjon på 16,8 GWh. Utbygging vil føre til redusert vassføring på ei 2000 m lang elvestrekning som frå før er påverka av reguleringa av Grøndalsvatnet. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 27 l/s i sumarmånadene, og 12 l/s resten av året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadane kan de ta kontakt med tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt eller NVE v/Rune Moe på tlf. 09575 eller e-post [rmo@nve.no](mailto:rmo@nve.no). Miljøfaglig Utredning AS har utarbeida ein rapport om samla belastning på fjordlandskapet i området




Hjørundfjorden. Når det gjeld trykt versjon av denne, ta kontakt med Småkraft AS v/Kari Seim på tlf. 55 12 73 24.


NVE ber dei aktuelle kommunane om å leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicekontoret i Ørsta kommune og Servicekontoret i Volda kommune fram til **10.05.2013**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. I tillegg vil det bli lagt ut nokre eksemplar av fjordlandskapsrapporten. NVE har utarbeida eit kart over alle kraftverka i regionen inkludert dei omsøkte kraftverka som no er på høyring, sjå vedlegg eller NVE sine nettsider. Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft](http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft) så snart som mogeleg og seinast innan **10.05.2013**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

  
Øystein Grundt  
seksjonssjef

  
Rune Moe  
avdelingsingeniør

Vedlegg: 5    Adresseliste  
                  Kunngjeringstekst  
                  Informasjonsark om sakshandsaming  
                  Oversiktskart  
                  Konsesjonssøknad

Søknader            1. Holåa kraftverk  
                      2. Helgåa kraftverk  
                      3. Skår kraftverk  
                      4. Indre Trandal kraftverk  
                      5. Klubbeneselva kraftverk  
                      6. Skarbøen kraftverk  
                      7. Årsetelva kraftverk  
                      8. Dravlaus kraftverk  
                      9. Øggardselva kraftverk  
                      10. Storelva kraftverk  
                      11. Feirdalselva kraftverk  
                      12. Osvatnet kraftverk  
                      13. Vassbakke kraftverk  
                      14. Osdalen kraftverk



**Adresseliste for:** Bygging av 14 kraftverk i Ørsta og Volda kommune

**Handsamast etter:** Vassressurslova

**Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i:** Sunnmørsposten, Mørenytt og Møre.

Tal på søknadar	Namn/adresse
7	Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA
7	Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA
	Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 6404 MOLDE
	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
	Tussa Nett AS, Langemyra 6, 6150 ØRSTA
	Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 TRONDHEIM
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Ålesund-Sunnmøre Turistforening, Postboks 250, 6001 ÅLESUND
	Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, 6630 TINGVOLL
	NJFF - Møre og Romsdal Årosetervegen 35, 6422 MOLDE
	Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal c/o Olav Runde, Kveldsro, 6096 RUNDE
	Forum for natur og friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal, Kommunehuset, 6631 BATNFJORDSØRA
	Norges padleforbund, Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO
	NHO Reiseliv, Postboks 5465, 0305 OSLO
	Holåa Kraftverk v/ Steffen Nordang, Norangdal, 6196 NORANGSFJORDEN
	Helgaa Kraftverk v/ Steffen Nordang, Norangdal, 6196 NORANGSFJORDEN
	Skår Kraftverk (SUS) v/Johan Skår, Solstranda 11, 6035 FISKARSTRAND
	Daniel Storeide, 6183 TRANDAL
	Småkraft AS, v/Martin Vangdal, Postboks 7050, 5020 BERGEN
	Skarbøen kraftverk, v/Tussa Energi AS, Øyvind Eidså, Langemyra 6, 6150 ØRSTA
	Kvistad og Årset Kraftlag v/Knut Hustad, 6165 SÆBØ
	Dravlaus Kraft (SUS) v/ Ståle Hånes, Dalsfjordvegen 428, 6133 LAUVSTAD
	Høydal Elektrisitetsverk AS v/Gunnar Høydal, 6110 AUSTEFJORDEN
	Vassbakke Kraft AS v/ Øyvind Eidså, Skrivervegen 9 A, 6100 VOLDA
	Osdalen Kraftverk, Tussa Energi AS v/ Terje Myklebust, Langemyra 6, 6150 ØRSTA
14	TBM – Katarina Eftevand (KACE)



14	TBD – Ragnhild Hoel (RAHO)
14	ER – Fredrik Arnesen (FRAR)
2	SVA – Sylvia Smith-Meyer (SSM; Kun Årsetelva og Holåa)



## ORIENTERING TIL HØRINGSPARTENE (revidert februar 2013)

### Generelt

NVE har hjemmel til å gi tillatelse i saker som gjelder utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Tillatelse til større kraftutbygginger gis av Kongen i statsråd.

Denne orienteringen gjelder saker der NVE kan gi tillatelse etter vannressursloven § 8.

### Behandling av søknaden fram til endelig vedtak

NVE behandler de fleste av søknadene gruppevis, vanligvis etter geografisk plassering. Dette effektiviserer saksbehandlingen samtidig som både høringsspartene og NVE kan se søknadene i sammenheng.

NVE sender søknadene på høring til berørte kommuner, fylkesmenn, fylkeskommuner, statlige forvaltningsorgan og interesseorganisasjoner. Høringsperioden er vanligvis tre måneder for søknader som behandles gruppevis, og seks uker for enkeltsaker. Ev. søknad om utsatt høringsfrist må begrunnes. NVE forventer at høringssinstansene gir uttalelse på selvstendig grunnlag. Søknad om utsatt frist vil normalt ikke bli innvilget hvis det påvirker sakens fremdrift.

Søker får anledning til å kommentere innkomne uttalelser, før NVE gjennomfører befaring i området. De som har uttalt seg til søknaden, blir invitert til å delta på befaringen. NVE fatter vedtak etter en helhetlig avveining av fordeler mot ulemper i henhold til vannressursloven § 25. Olje- og energidepartementet har som overordnet politisk myndighet gitt retningslinjer for behandling av små vannkraftverk. Retningslinjene er tilgjengelige via NVEs nettsider.

Dersom NVE gir tillatelse, knyttes det vilkår til denne, jf. vannressursloven § 26. Vilkårene vil blant annet omfatte byggefrister, vannslipping, naturforvaltning, kulturminner og sanksjoner ved ev. brudd på vilkårene.

### Hva forventes av høringssinstansene?

Høringssinstansene velger selv hva som skal vektlegges i uttalelsen. NVE anbefaler at uttalelsene er så konkrete og saksspesifikke som mulig, med begrunnede synspunkter på om tillatelse bør gis eller ikke, valg av ev. alternativer og avbøtende tiltak. Høringsuttalelser som drøfter myndighetenes energipolitikk på generelt grunnlag, vil i liten grad bli vektlagt. Dersom partene er kjent med forhold som ikke er belyst i tilstrekkelig grad, ønsker vi opplysninger om det. Vi ber særlig om en vurdering av samlet belastning for søknader som behandles gruppevis.

Det forventes at kommuner, fylkeskommuner, fylkesmenn og andre myndighetsorganer gir uttalelse med utgangspunkt i sine respektive ansvarsområder. Kommunene bes spesielt om å vurdere søknadene i forhold til gjeldende arealplanstatus.

Høringsuttalelsene, opplysningene i søknaden og retningslinjene fra Olje- og energidepartementet er viktige for NVEs vurdering og vedtak.

### Innsigelses- og klagerett

I ny plan- og bygningslov er forholdet mellom konsesjonsbehandling og planbehandling av energianlegg endret for å sikre en mer effektiv saksbehandling. Det er ikke krav om reguleringsplan, men for å ivareta intensjonen bak innsigelsesinstituttet i plan- og bygningsloven, er det innført bestemmelser i energi- og vassdragslovgivningen om innsigelse, jf. § 24. NVE understreker at en ev. innsigelse må reises i høringsperioden. Vi viser til våre nettsider for mer informasjon: [www.nve.no/konsesjoner](http://www.nve.no/konsesjoner).

NVEs vedtak kan påklages til Olje- og energidepartementet innen 3 uker fra partene mottar beskjed om vedtaket.

